

## EVALUERING AV PRAKTINF (PRAKTISK INFORMASJONSARBID) HAUSTEN 2015 (21.1.16)

Emneansvarleg: Kristian Bjørkelo ut september, då han gjekk ut i permisjon. Ivar Utne frå 1. oktober. Rapporten er skriven av IU.

Det er gjennomført ei spørjeundersøking med 14 spørsmål, opne og lukka. Av 13 studentar som fullførte, har 9 svart.

På ulike spørsmål og nøgd og ikkje nøgd, var det generelt 7 svært nøgde og 2 nøgde, og for vektlegging 5 og 4 for det tilsvarande.

Det var mykje positiv omtale av skriveseminar og oppgåver, men mange kommenterte positivt alle tema elles. Lærarane får gode omtaler.

Det var òg innspel om trekk ved undervisninga og praksisen som dei mente kunne bli betre.

Det plar vere kollisjonar mellom dei to eksamensleveringane for PRAKTINF og leveringar på andre emne som studentane normalt går på same semster. Særleg uheldig er det for heimeksamensveka. Vi prøver å løyse slikt med å leggje i alle fall leveringa av prosjektoppgåva seinast mogleg, dvs. seint i november eller tidleg i desember (denne gongen 4.12.). Vi stilte eit ope spørsmål om dette, og det kom fram ulike problem med kollisjonar. To av dei meinte innlevering tidleg i desember var for tidleg.

Det plar òg vere kollisjonar med undervisning tidlegare i semesteret. I alle fall 4 viste til slikt i svar.

Vi reknar med at dette går betre i praksistida fordi dei kan avtale arbeidstider. Sjå neste avsnitt.

På dagsseminaret kom det fram at nokre meinte at 75 timar, med 15 timar i veka, var for mykje å rekke over når dei òg skulle gå på ei anna emne samtidig. I evalueringa svarte 6 av 9 at 75 timar var passe, 1 at det kunne vere meir, og 2 lågare. Altså nokolunde støtte til ordninga vi har.

På spørsmål om korleis dei hadde fått vite om emnet, oppgjev dei fleste frå vener, men 4 frå UiB på ulike måtar.

Under praksisbesøka stilte eg mange spørsmål til både kontaktperson og student. På dagsseminaret kom det òg fram mange synspunkt. Dessutan kom det fram info i prosjektoppgåvene, og vi kunne sjå korleis svara var på heimeeksamen.

Innspel frå evalueringsvara, praksisbesøka, dagsseminare og dei to eksamensvara frå kvar student var grunnlag for planlegginga på lærarmøtet tidleg i januar 2016. Vi tok omsyn til mykje av dette.

Karakterar (rekna frå kommisjonens protokoll)

	Samla	Heimeeksamen	Prosjektoppgåve
A	2	2	1
B	7	4	6
C	4	7	6
Snitt	2,15	2,38	2,38

<>